


SIS - SAMARBEIDSFORUM I SUNNFJORD

Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar

Adresse: c/o Gaular kommune, 6973 SANDE I SUNNFJORD
Telefon: 57 71 85 00

Finansdepartementet



Vår ref
JBY 04/01179-001

Dykkar ref

Arkiv
026

Løpenr
003804/04

SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ SAMARBEIDSFORUM I SUNNFJORD (SIS)

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS), som er samarbeidsorgan (regionråd) for kommunane Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal, har drøfta Skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing (NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving) om skatteoppkrevjarfunksjonen i Noreg. Ordføraren og rådmannen i Jølster fekk i oppdrag å utarbeide framlegg til felles fråsegn frå SIS-kommunane.

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) gir følgjande høyringsfråsegn:

"Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) sluttar seg til høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og styret i KS Sogn og Fjordane.

SIS meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. I denne vurderinga legg SIS særleg vekt på at ordninga i dag fungerer godt med høg løysingsgrad og gode resultat, god rettstryggleik og god brukarservice, effektiv drift og ressursbruk, at ordninga er under folkevald kontroll og innsyn, at ei eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader og at konsekvensane ikkje er utgreidde.

SIS er samd med sentralstyret i KS om at skatteinnkrevjinga i Noreg kan gjerast enda betre, og meiner som KS at dette best kan skje innanfor ramma av kommunalt ansvar."

Som grunnlag for konklusjonen frå SIS-kommunane er det mellom anna lagt vekt på desse momenta:

Sett frå kommunane sin ståstad er det ikkje naturleg at skatteoppkrevjarfunksjonen vert flytta over frå kommunalt ansvar til statleg ansvar. Ei slik statleggjering har fleire uheldige sider- både for samfunnet og for brukarane. Ei overvekt av saklege tilhøve talar for at skatteoppkrevjinga framleis skal utførast av kommunane. I stikkord kan desse argumenta oppsummerast slik:

1. Høg løysingsgrad / gode resultat
2. God rettstryggleik
3. God brukarservice
4. Kommunalt økonomisk sjølvstyre

POSTADRESSE:

6843 SKEI I JØLSTER

***TELEFON:**

57 72 61 00

TELEFAKS:

57 72 61 01

POSTGIRO:

7878 0648936

POSTGIRO, SKATT:

7855 0514310

BANKGIRO:

3703.07.00024

***)Vi ber om at direktenummer til sakshandsamar vert brukt!**

5. Folkevald kontroll og innsyn
6. Effektiv drift og ressursbruk p.g.a. synergieffektar
7. Ivaretaking av distriktpolitiske omsyn
8. Skattebetalingsordninga i dag fungerer godt
9. Eventuell statlegging vil medføre store overgangskostnader
10. Konsekvensane er ikkje utgreidde

Alle desse momenta bør tilleggjast vekt. Grunngevinga for kvart av momenta er godt omtala i momentlista som er utarbeidd av KS, og som Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet truleg allereie er kjende med.

Moment 4 kan i dag seiast å vere mindre viktig enn før - av di det kommunale økonomiske sjølvstyret verkar til å vere svekka på ulike måtar. Likevel bør prinsippet om det kommunale økonomiske sjølvstyret liggje i botnen for den måten skatteinnkrevjinga vert organisert på.


På mange område ser det i dag ut som distriktpolitiske omsyn ikkje vert tillagt vekt av statlege styresmakter. Dermed vil truleg kommunane leggje større vekt på dette momentet enn statlege styresmakter gjer. Momentet er likevel ein viktig del av den heilskapstenkinga som bør liggje til grunn for den prinsipielle tenkinga om skatteinnkrevjaroppgåvene.


Jamvel om statlege styresmakter i dag ikkje vil leggje like stor vekt som kommunane på moment 4 og 7, er det god grunn for kommunane til å meine at dei andre 8 momenta må ha avgjerande vekt.

Til saman gir desse den eintydige konklusjonen at skatteoppkrevjaroppgåvene framleis skal vere i kommunane.

I SIS-møtet vart det lagt til grunn at kvar kommune bør sende eiga fråsegn, i tillegg til denne felles fråsegna frå dei fem SIS-kommunane.

Med helsing for Samarbeidsforum i Sunnfjord


Gerd Dvergsdal
Ørdførar i Jølster Kommune
Tlf: 57 72 61 04


Jostein By
rådmann i Jølster

Kopi: - Kommunal- og regionaldepartementet
- KS sentralt
- KS Sogn og Fjordane